




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



VIROMDALEN
SUNNDAL KOMMUNE

Høyringsfrist 15.04.2024

2020/5175

Framside: Mot Viromkjerringa (foto: Øivind Leren)

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2024 var om lag 5,3 % av skogarealet og ca. 4,0 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenoppretta innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 102/1, 103/1, 3, 4, 6 og 104/3 og 7 i Viromdalen i Sunndal kommune. Det omfattar eit areal på ca. 11.683 daa. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 16.09.2020.

Statsforvaltaren fann ikkje grunnlag for å godta heile dette tilbodet, både pga. for dårleg kunnskapsgrunnlag og manglande budsjettløyvingar.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern vart styrka gjennom supplerande kartleggingar av Miljøfagleg utredning i 2022. Desse viste at den delen av tilbodet som låg sørvest for Ålvundelva inneheldt naturtypar som ikkje var høgast prioritert for vern. Ut frå dette og samtalar med Allskog, fann statsforvaltaren grunnlag for å melde oppstart for eit mindre areal på nordaustsida av elva, samt flommarksskog i dalbotnen. Det omfattar eit areal på ca. 4.720 daa.

I den vidare dialogen med Sunndal kommune og skogbruksforvaltninga har vi teke ut 3 granfelt som ligg rett innom grensa, og retta opp grensa av meir arronderingsmessige grunnar. Etter dette enda vi opp med å melde oppstart på 4.467 daa.

ALLSKOG vil taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 15.01.2024.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

Statsforvaltaren vurderte kunnskapsgrunnlaget som noko svakt, og det vart difor utført supplerande kartleggingar i 2022 av Miljøfaglig utredning som vurderer heile tilbodsområdet slik:

«Prosjektområdet ligger i mellomboreal sone og er i hovedsak kalkfattig, hvor berggrunnen består av granittisk gneis. I dalsidene finner man mye skredmateriale, og partier med grov blokkmark. Sammenlignet med tilsvarende bratte dalfører i fylket/regionen, skiller ikke prosjektområdet seg spesielt positivt ut. Dalsidene er preget av rasutsatthet, hvor det er yngre og til dels ensjiktet fjellnær bjørkeskog som dominerer i de bratteste partiene. I nedre deler finner man stedvis større områder med grov blokkmark med innslag av eldre furuskog.

I dalbunnen finnes innslag av grårordominert flomskogsmark langs Ålvundelva, samt spredte myrområder og myr- og sumpskogsmark. Flomskogsmark er vurdert til kategori sårbar (VU) på Norsk rødliste for naturtyper fra 2018.

Det er generelt sparsomt med død ved, selv om det finnes noe liggende død ved som følge av ras i området. Det finnes også mindre partier med høyere tetthet av liggende død ved, men det er hovedsakelig lite nedbrutte læger av mindre dimensjoner som dominerer.

Vegetasjonen er for det meste fattig, med unntak av noe rikere vegetasjon langs bekkedrag, fuktsig og enkelte partier i nordvest. Like nordøst for Dalsbøen finner man de største naturkvalitetene. Her er det innslag av grove styva almetrær og det forekommer flere rødlistede og enkelte truede lav- og sopparter. Det er i tillegg innslag av spredte grove ospetrær i denne dalsiden, som også utgjør et viktig substrat for enkelte rødlistede spesialister. Det finnes noe selje, rogn og gråor i prosjektområdet, men man finner bare unntaksvis trær av større dimensjoner.

Når det gjelder urørthet, er området påvirket i relativt liten grad i nyere tid, med unntak av en kraftlinje som går gjennom prosjektområdet. Samtidig sprer gran seg fra de spredte granfeltene innenfor og tett opptil prosjektområdet. Lisidene bærer ellers preg av å ha vært ganske jevnt og systematisk uthogd tidligere.

I øvre deler er skogen nokså sterkt raspåvirket, og derfor relativt ung. Nedre partier av dalføret er mest hogstpåvirket. Alm er til dels alvorlig skadd av hjortebeite og foryngelse ser ut til å mangle. Også rogn er trolig vesentlig hemmet av hjortebeite i området. Samtidig har det meste av prosjektområdet tidligere vært brukt til utmarksbeite.

Arronderingen er vurdert å være middels, da området fanger opp et stort område og inkluderer begge dalsidene. Samtidig er nedre deler av dalføret i vest utelatt, noe som trekker noe ned. Også topografisk variasjon er vurdert å være middels, hvor det teller positivt at man i øst har stor variasjon i høydespenn, ettersom avgrensningen går helt ned til dalbunnen. At begge dalsidene er inkludert gir også variasjon i eksposisjonen, men totalt sett er det meste av arealet relativt ensartet. I forhold til mangelanalysene for skogvern er det i hovedsak områdene med gamle almebestander, og til dels noen av partiene med flommarkskog, som vil tilføre kvaliteter. Av det totale området representerer disse skogtypene imidlertid svært lite areal, og området sett under ett vil bidra med få kvaliteter som ønskes dekket ifølge mangelanalysene for skogvern i fylket. Samlet verdi er vurdert å være lokalt til regionalt verdifullt (/**).»*

Truga naturtyper: Tilbodet omfattar ca. 30 daa av den sårbare naturtypen flomskogsmark (VU) langs Ålvundelva. Her er også påvist eit mindre areal med rik edellauvskog.

Raudlisteartar:

Det er kartlagt eit stort tilfang med truga og nær truga artar. Det mest truga treslaget er alm (EN). Dei nær truga lavartane klosterlav, bleikdoggnål, gubbeskjegg, rustdoggnål, bleikdoggnål og kystdoggnål er påvist. Av sopp er det funne almekullsopp (NT), safransnyltepute (EN), skrukkeøre (NT), skorpeglye (VU), vedalgekølle (VU) og ospenålepute (VU).

Viromdalen stettar kravet til vern etter naturmangfaldlova. Flommarkskog er underrepresentert i verneområda i Møre og Romsdal, og lokaliteten har mange raudlisteartar som dei truga artane.

Skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for averkinga og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i

verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Viromdalen er tilbode for frivillig vern av grunneigarane før 1. februar 2022. Det blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Vi har vurdert skogbruksverdiene etter vår gamle rutine med fakta ut frå skograpport Kilden.

Totalareal: ca. 4 460 daa

Produktivt skogareal: ca. 2 928 daa

Skog, særst høy bonitet	Skog, høy bonitet	Skog, middels bonitet	Skog lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Skrinn fastmark, Bebygd osv, ikkje klassifisert
652	1063	615	454	677	173	826

Det er gjennomført skogbruksplanlegging for ein del av området, under halvparten. Av dette er det sett av 277 daa i nøkkelbiotopar.

I produktiv skog er det registrert ca. 9 daa med av naturtypen rik edellauvskog. I tillegg er det registrert naturtypar knytt til areal som ikkje er skog (myr, elveparti).

Ifølgje skogbruksplandata frå 2016 er det nokre små granbestand innanfor aktuelt areal. Dette utgjer om lag 26 daa. 2 bestand er i hogstklasse 4 og resten i hogstklasse 2 og 3. Ca. 800 da innanfor takstarealet er registrert som furubestand, og resterande er lauvskog.

Skogressurskart (SR 16) – volum (ha)

0-100 m ³ /ha	100-200 m ³ /ha	200-300 m ³ /ha	>400 m ³ /ha
1849	2062	12	1

SR16 viser at det er relativt lite tømmer volum pr. daa, men sidan området er så vidt stort vert det likevel mykje volum totalt.

Verneforslaget omfattar relativt mykje skogareal, ca. 1,7 % av produktivt skogareal i Sunndal. Dei øvre delane opp mot fjellet, som i vest, har liten interesse for aktivt skogbruk. Derimot er areala i dalbotn og i nedre del av lia aktuelle for aktiv skogforvaltning.

Det er traktorveggar i delar av området og ikkje stor avstand til offentleg veg. Ei kraftline kryssar arealet i aust.

Andre brukarinteresser

Statnett har ei 132 kV-line Aura-Ranes som kryssar verneframlegget i austre del. Su-nett AS har områdekonsesjon, og det går ei 22 kV-line inn Viromdalen som kryssar verneframlegget 2 stader. Det er behov for drift og vedlikehald av desse kraftlinene.

Kommunevegen går rett nedom tilbodsområdet. Denne går til gardsbruka i Dalen og blir brukt av turistar som besøker Innerdalen.

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.



Figur 1 Austre del av tilbudsområdet med Statnett si 132 kV-line

Saksbehandling

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 15.01.2024. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 05.02.2024. Det har kome 6 innspel til oppstartsmeldinga.

Sunnadal kommune v/skogbrukssjefen meiner vernet vil medføre ein stor reduksjon av skogressursane til dei bruka det gjeld. Det er uheldig at verneområdet kan omfatte granfelt og delar av slike, og område der det er hogd og tilplanta furu. Innafor Dalsbøgardane bør grensa trekkast opp.

Direktoratet for mineralforvaltning har ingen merknader, og Statens Kartverk viser til at Viromdalen er eit godkjent namn på området.

Forsvarsbygg ber om at det vert opna for militær operativ verksemd og avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy i forskrifta.

Statnett vert berørt ved at dei har ei 132 kV line som kryssar framlegget. Verneforskrifta må tilpassast drift og utvikling av denne, og det er upraktisk for Statnett å ha ei søknadsplikt for drift og vedlikehald av transmisjonsnettet som vil krysse svært mange verneområde. Dei ber om at verne-

kartet viser skogryddebeltet og traséar for motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av lina. Dei vil ettersende kartfilene for desse traséane. Motorisert ferdsel om vinteren går ikkje etter faste traséar. Dei har også behov for droner og helikopter til inspeksjon eller feilretting på lina.

Norges vassdrags- og energidirektorat viser til at det går ei 132 kV og ei 22 kV line gjennom framlegget, og ber om at standard bestemmingar for energi- og kraftanlegg vert teke inn i verneforskrifta.

Vurdering

Statsforvaltaren ser at det kan vere uheldig med granplantingar i eit naturreservat. Dette blir løyst anten ved at grensene blir trekte utfor grana, eller at grana vert fjerna.

Vi tek delvis omsyn til innspelet frå skogbrukssjefen, ved at eit areal med gran aust for Dalsbøen vert tilrådd teke ut. Vi trekker også grensa rundt granførekomstane ved Sagbekken aust i framlegget. Derimot bør områda med mindre granbestand på holmen ute i Ålvundelva i sør, langs myrkanten mot kommuneveggen og oppe i Steinkeila vere med i verneområdet. Her vil mykje verdifull natur hamne utanfor ved å endre grensene, og det blir også ei dårleg arrondering. Grana i desse områda bør takast ut for å restaurere areala og hindre vidare spreiding.

Det trengst ikkje gjerast noko spesielt med furufelta. Dette er stadeigen art, og det einaste avviket frå naturtilstanden vil vere foryngingsmåten. Det vil ikkje vere naudsynt med uttak av denne furu, eller tre spreidd frå desse felta. Slik skog kan ikkje avvirkast, og vil bli avtalt erstatta.

Forskrifta har unntak for militær operativ verksemd og avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy.

Vi vil også tilrå standard verneforskrift som vert brukt i område der det kryssar kraftliner. Desse fangar opp dei tiltaka Statnett peikar på. Statnett har ikkje sendt filer for desse traséane, men dette vil bli innarbeid når det vert motteke. Vi oppmodar Statnett om å gje fråsegn under høyringa.

Forvaltingsstyresmakt

Sunnal kommune er forvaltingsstyresmakt for små verneområde. Dei må likevel gje tilbakemelding gjennom høyringsprosessen på om dei ønskjer å bli forvaltningsstyresmakt for Viromdalen naturreservat. Forvaltningsstyresmakta blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren skrive ei tilråding til Miljødirektoratet, basert på framlegg og innkomne fråsegner. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som førebur ho og legg fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2024.

Vedlegg 1.

Forskrift om vern av Viromdalen naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjonmed heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til både furuskogar og ulike lauvskogar. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Surnadal kommune: 102/1, 103/1, 3, 4, 6, 104/3, 7. Naturreservatet dekker eit totalareal på 4467 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Surnadal kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrenning er forbode

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn

- e. beiting
- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jaktårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane nemneverdig

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltaki samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta
- j. øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- k. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell under § 4
- l. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g og h

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.